



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Lars Kringstad, 71 25 84 50

Molde kommune - søknad - tiltak i vassdrag - nedlegging av Meisal kraftverk

Meisal I kraftverk (frå 1936) skal leggst ned. Det er ikkje lenger i drift, m.a. som følge av lekkasje og manglande tryggleik på røygata. Kraftverket er erstatta av Meisal II.

Tiltaket inneber fjerning av røygata og tilhøyrande fundament. Ved gjennomføring av tiltaket skal også kablar i luftspenn og stolpar blir fjerna. Landskapsmessig er dette positivt. Vi kjenner elles ikkje til registrerte naturverdiar eller viktige friluftsverdiar i området som kan bli rørt av tiltaket.

Vi føreset at ein legg opp til naturleg revegetering av områda og at ein gjennom detaljplan for miljø og landskap viser korleis eventuelle ureine massar skal takast hand om. Vidare føreset vi at tiltakshavar sikrar at anleggsarbeida ikkje bidrar til spreiding av framande planteartar i lausmasser eller med utstyr, jf. krava som følgjer naturmangfaldlova § 28 og kapittel V i forskrift om fremmede organismer. Ut over dette har vi ikkje merknader til tiltaket.

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f.)
fagleiar

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Postboks 2500

6404

MOLDE